

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, fylkeshuset, Bergen
Dato: 24.09.2014
Tidspunkt: 11.00-14.35

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Sveinung Valle	Medlem	A	
Astrid F. Selsvold	Medlem	A	
Marte Malones	Medlem	A	
Silje Hjemdal	Medlem	Frp	
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp	
Tom-Christer Nilsen	Fylkesordførar	H	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H	
Birthe Eriksen	Medlem	H	
Torill Selsvold Nyborg	Medlem	KrF	
Benthe Bondhus	Medlem	Sp	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Mona Haugland Hellesnes	Fylkesvaraordførar	V	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Parti
Terje Søviknes	Medlem	Frp
Nils-Olav Næss	Medlem	A

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Parti	
Inger Signe Ulvund	Terje Søviknes	FrP	
Marianne Bjørøy	Nils-Olav Næss	A	
Dan Femoen	Mona Røsvik Strømme	H	Møtte i sak 210/14

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Johnny Stiansen	Fylkesdirektør økonomi
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør kultur og idrett
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 197/14	Godkjenning møteinnkalling		
PS 198/14	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 199/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 140/14	International Newsletter 01/14	2014/19660	
RS 141/14	Nytt inntektssystem - verknader for Hordaland fylkeskommune	2014/14001	
RS 142/14	Svar på spørsmål frå Aud Karin Oen	2014/19954	
RS 143/14	Utfordringar for leverandørbedrifter innan petroleumsnæringa, - svar på spørsmål frå Sveinung Valle (Ap).	2014/18069	
RS 144/14	E39 Sveгатjørn-Rådal. Forna vurdering frå Statens vegvesen av alternativ tilkomst til deponiområde i Hordnesskogen.	2014/11856	
RS 145/14	Fylkeskommunal støtte til Fjord Norge AS 2015	2014/19680	
RS 146/14	Olav H. Hauge-senteret - tilknytning til museumsplan	2014/15396	
RS 147/14	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr september 2014	2014/356	
RS 148/14	Handlingsplan forvaltningsrevisjon	2014/10537	
RS 149/14	Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr september	2014/1527	
RS 150/14	Plankonferansen 2014 - program	2014/20899	
RS 151/14	Bompengeprojekt - ny vurdering av kalkulasjonsrente	2014/20686	
RS 152/14	Protokoll frå generalforsamling - Business Region Bergen AS	2014/1316	
RS 153/14	Protokoll frå generalforsamling - Bergen Bompengeselskap AS	2014/17220	
RS 154/14	Protokoll frå generalforsamling - Nordhordlandspakken AS	2014/16083	
RS 155/14	Protokoll frå generalforsamling - Voss og omland bompengeselskap AS	2014/16152	
RS 156/14	Protokoll frå generalforsamling - Hordaland Teater LL	2014/14843	
RS 157/14	Protokoll frå generalforsamling - Fjord Norge AS	2014/17222	
RS 158/14	Protokoll frå årsmøte - Stiftelsen Fiskeriforum Vest	2014/16701	
RS 159/14	Protokoll frå generalforsamling - Vestnorsk Filmsenter AS	2014/16033	
RS 160/14	Protokoll frå generalforsamling - Bergen-Os Bompengeselskap AS	2014/16444	
RS 161/14	Protokoll frå generalforsamling - AS Den Nationale Scene	2014/14467	
RS 162/14	Protokoll frå generalforsamling - Moster Amfi og Kyrkjehistoriske Senter AS	2014/15275	
RS 163/14	Protokoll frå generalforsamling - Gulen og Masfjorden Utvikling AS	2014/16922	
RS 164/14	Protokoll frå generalforsamling - Bømlo Vegselskap AS	2014/15998	
RS 165/14	Protokoll frå generalforsamling - Odda vegfinans AS	2014/11957	

RS 166/14	Protokoll frå generalforsamling - Atheno AS	2014/14527
RS 167/14	Protokoll frå generalforsamling - Beredt AS	2014/20581
RS 168/14	Protokoll frå generalforsamling - Bergen Vitensenter AS	2014/17146
RS 169/14	Protokoll frå generalforsamling - Grieghallen IKS	2014/11674
RS 170/14	Protokoll frå valmøte - Stiftelsen gasskonferansen i Bergen	2014/17766
PS 200/14	Delegerte saker	
DS 13/14	Refinansiering av obligasjonslån	2014/10441
DS 14/14	Fornyning av sertifikatlån 135 mill. kr	2014/10441
DS 15/14	Ny rentebinding for lån i Kommunalbanken	2014/10441
DS 16/14	Fornyning av sertifikatlån 335 mill. kr	2014/10441
PS 201/14	Takstregulativ for kollektivtransporten i Hordaland	2014/15892
PS 202/14	Tilrettelegging av ny Sotrabru for framtidig bybane	2014/10587
PS 203/14	Rv 7 - Omklassifisering til fylkesveg Bruravik - Hardangerbrua i Ulvik Herad	2014/928
PS 204/14	Kapitalutviding i Storeholmen VTA AS for oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS	2014/17219
PS 205/14	Oppfølging av skulebruksplanen	2014/10030
PS 206/14	Søknad om konsesjon for overføring av 2 bekker på Osafjellet til Lang-Sima kraftverk - fråsegn frå Hordaland fylkeskommune	2014/18455
PS 207/14	Fleksibilitet i fag- og timefordelinga	2014/19993
PS 208/14	Matstrategi "Veivalg for lokalmat i Hordaland 2013-2017	2014/17729
PS 209/14	Finansrapport 2. tertial 2014	2014/927
PS 210/14	Trolleybusdrift i Bergen - vegen vidare	2014/19198
PS 211/14	Tertialrapport pr. 31. august 2014 - rekneskapsprognose	2014/13022
PS 212/14	Høyring - forskrift om auke av maksimal tillaten biomasse for løyve til akvakultur med laks, aure og regnbogeaure - Hordaland fylkeskommune	2014/18143
PS 213/14	Utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland	2014/19439
PS 214/14	Høyring om etablering av formgjeving som eget studieførebuaende utdanningsprogram	2014/18536
PS 215/14	Revisjon av mandat og samansetnad av Regionalt næringsforum	2014/1323
PS 216/14	Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - Budsjetfordeling nr. 5 - 2014	2014/598
PS 217/14	Vedtektsendring for Stiftinga Hordamuseet - fråsegn frå Hordaland fylkeskommune	2014/13913
PS 218/14	Takstsøknad Askøypakken - uttale	2014/19794
PS 219/14	Odda Vegfinans AS - søknad om driftsstøtte	2014/16034
PS 220/14	Lokal inntaks- og formidlingsforskrift	2014/17732
PS 221/14	Høyring - kryssløp Vg1 teknikk- og industriell produksjon til Vg2 smed	2014/20201
PS 222/14	Forskottering fylkesvegar - utbyggingsavtalar og rekkjefølgjekrav	2014/19991
PS 223/14	Godkjenning av prosjektrekneskap Tertnes vgs - Tilbygg	2014/65

PS 224/14	Reglement for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland fylkeskommune	2014/558
PS 225/14	Reglement for fylkeseldrerådet i Hordaland fylkeskommune	2014/557
PS 226/14	Kollektivfelt på innfartsåraane	2014/20374
PS 227/14	Ymse	

PS 197/14 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

PS 198/14 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Fylkesordføraren viste til sitt svar på spørsmål frå Benthe Bondhus om oppseiing på grunn av justering av tilbodsstrukturen. Svaret kommenterte berre lærarstillingar. Komplett oversyn ligg i RS 19/14 "Notat om overtal pedagogisk tilsette, hausten-14" frå administrasjonsutvalet sitt møte 11.09.2014

Vedtak

Møteboka frå fylkesutvalet 28.08..2014 vart godkjend utan merknader.

PS 199/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

I samband med RS 143/14 Utfordringar for leverandørbedrifter innan petroleumsnæringa, påpeikte **Sveinung Valle** at det er viktig å få prosjektet raskt i gang. Fylkesordføraren kommenterte at problemstillinga vil vere tema på komande nyårsmøte.

I samband med RS 143/14 Olav H. Hauge-senteret si tilknytning til museumsfeltet og museumsplanmidlane i

Hordaland, spurde **Sveinung Valle** om kvifor senteret ikkje er ein del av dei ni konsoliderte musea som høyrer til under museumsbudsjettet i Hordaland. Han spurde også om kor enkelt/vanskeleg det er å verte konsolidert mot desse. Fylkesdirektøren for kultur og idrett og Mona Hellesnes svarte at Olav H. Hauge-senteret er konsolidert mot Nynorsk kultursentrum av faglege grunnar.

RS 140/14 International Newsletter 01/14

RS 141/14 Nytt inntektssystem - verknader for Hordaland fylkeskommune

RS 142/14 Svar på spørsmål frå Aud Karin Oen

RS 143/14 Utfordringar for leverandørbedrifter innan petroleumsnæringa, - svar på spørsmål frå Sveinung Valle (Ap).

RS 144/14 E39 Svegatjørn-Rådal. Fornya vurdering frå Statens vegvesen av alternativ tilkomst til deponiområde i Hordnesskogen.

RS 145/14 Fylkeskommunal støtte til Fjord Norge AS 2015

RS 146/14 Olav H. Hauge-senteret - tilknytning til museumsplan

RS 147/14 Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr september 2014

RS 148/14 Handlingsplan forvaltningsrevisjon

RS 149/14 Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr september

RS 150/14 Plankonferansen 2014 - program

RS 151/14 Bompengeprojekt - ny vurdering av kalkulasjonsrente

RS 152/14 Protokoll frå generalforsamling - Business Region Bergen AS

RS 153/14 Protokoll frå generalforsamling - Bergen Bompengeselskap AS

RS 154/14 Protokoll frå generalforsamling - Nordhordlandspakken AS

RS 155/14 Protokoll frå generalforsamling - Voss og omland bompengeselskap AS

RS 156/14 Protokoll frå generalforsamling - Hordaland Teater LL

RS 157/14 Protokoll frå generalforsamling - Fjord Norge AS

RS 158/14 Protokoll frå årsmøte - Stiftelsen Fiskeriforum Vest

RS 159/14 Protokoll frå generalforsamling - Vestnorsk Filmsenter AS

RS 160/14 Protokoll frå generalforsamling - Bergen-Os Bompengeselskap AS

RS 161/14 Protokoll frå generalforsamling - AS Den Nationale Scene

RS 162/14 Protokoll frå generalforsamling - Moster Amfi og Kyrkjehistoriske Senter AS

RS 163/14 Protokoll frå generalforsamling - Gulen og Masfjorden Utvikling AS

RS 164/14 Protokoll frå generalforsamling - Bømlo Vegselskap AS

RS 165/14 Protokoll frå generalforsamling - Odda vegfinans AS

RS 166/14 Protokoll frå generalforsamling - Atheno AS

RS 167/14 Protokoll frå generalforsamling - Beredt AS

RS 168/14 Protokoll frå generalforsamling - Bergen Vitensenter AS

RS 169/14 Protokoll frå generalforsamling - Grieghallen IKS

RS 170/14 Protokoll frå valmøte - Stiftelsen gasskonferansen i Bergen

PS 200/14 Delegererte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Vedtak

Delegererte saker 13-16/14 vart refererte.

DS 13/14 Refinansiering av obligasjonslån

DS 14/14 Fornyng av sertifikatlån 135 mill. kr

DS 15/14 Ny rentebinding for lån i Kommunalbanken

DS 16/14 Fornyng av sertifikatlån 335 mill. kr

PS 201/14 Takstregulativ for kollektivtransporten i Hordaland

Forslag til innstilling

1. Takstendringane for 2015 skal ivareta mål om passasjervekst og auke i kollektivandel jf "Kollektivstrategi for Hordaland" og "Regional transportplan for Hordaland".
2. Fylkestinget sitt vedtak om forenkla sonestruktur vert innført gradvis.
3. Takstregulativ for buss og Bybane gjeldande frå 01.02.2015 vert vedtatt i samband med budsjetthandsaminga.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Anne-Line Innvær sette på vegne av A, SV, KRF fram forslag til ny innstilling

1. Takstendringane for 2015 skal ivareta mål om passasjervekst og auke i kollektivandel jf "Kollektivstrategi for Hordaland" og "Regional transportplan for Hordaland".
2. Fylkesutvalet ber om utredning på modell for 3 soner og 6-8 soner. I tillegg må det utarbeidast eit kostnadsoverslag på harmonisering av busstakst kontra tog på strekninga Voss-Bergen. Ettersom ferje-og båtruter ikkje er omfatta av 1-sone, skal desse ikkje vurderast i samband med eventuelt kutt. Kr 38 for einskildbillett i 1 sone er uaktuelt.
3. Takstregulativ for buss og bybane vert utsett til budsjettmessige konsekvensar er avklara.

Stein Inge Ryssdal sette på vegne av Frp, H, V og Sp fram forslag til ny innstilling.

1. Takstendringane for 2015 skal ivareta mål om passasjervekst og auke i kollektivandel jf "Kollektivstrategi for Hordaland" og "Regional transportplan for Hordaland".
2. Fylkestinget sitt vedtak om forenkla sonestruktur vert innført.
3. Takstregulativ for buss og Bybane vert vedtatt i samband med budsjetthandsaminga.

Alf Helge Greaker sette fram oversendingsforslag

Samferdselsutvalet ber fylkesrådmannen legge fram for samferdselsutval og fylkesutval, korrigererte kostnadstal for å innføre taksone:

- modell 1, modell 2/2a (som i sak 54/14)

- 3 og 6-8 soner.

Tala må syne innetektstap for ingen, til moderat prisauke enkelttakst.

Tom Skauge sette fram oversendingsforslag.

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggja fram sak om innfasing av 1-sonemodell med alternativ finansiering enn prisauke i Bergensregionen.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk ingen røyster og fall.

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til ny innstilling vart vedteke med 9 røyster (H, FRP, V, SP).

Anne Line Innvær sitt forslag til ny innstilling fekk 6 røyster (A, SV, KRF) og fall.

Oversendingsforslaget frå Alf Helge Greaker vart vedteke med 9 røyster (H, FRP, V, SP, SV).

Oversendingsforslaget frå Tom Skauge fekk 5 røyster (SV, A) og fall.

Innstilling

1. Takstendringane for 2015 skal ivareta mål om passasjervekst og auke i kollektivandel jf "Kollektivstrategi for Hordaland" og "Regional transportplan for Hordaland".
2. Fylkestinget sitt vedtak om forenkla sonestruktur vert innført.
3. Takstregulativ for buss og Bybane vert vedtatt i samband med budsjetthandsaminga.

Oversendingsforslag frå Alf Helge Greaker.

Samferdselsutvalet ber fylkesrådmannen legge fram for samferdselsutval og fylkesutval, korrigererte kostnadstal for å innføre taksone:

- modell 1, modell 2/2a (som i sak 54/14)

- 3 og 6-8 soner.

Tala må syne innetektstap for ingen, til moderat prisauke enkelttakst.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Mona Hellesnes sette på vegner av H, Frp, V og Sp fram slikt forslag:

1. "Takstendringane for 2015 skal ivareta mål om passasjervekst og auke i kollektivandel, jf. "Kollektivstrategi for Hordaland" og "Regional transportplan for Hordaland".
2. Innføring av ny sonestruktur vert utsett, men skal opp til handsaming i løpet av 2015.

Takstsonane vert justerte slik at kostnadsauken/inntektsbortfallet vert balansert, med ein minstetakst på 35,- kr og ein høvesvis justering av andre prisar.

3. Takstregulativ for buss og Bybane gjeldande frå 01.02.2015 vert vedtatt i samband med budsjetthandsaminga. "

Sveinung Valle sette på vegner av A, KrF og SV fram slikt forslag:

1. "Takstendringane for 2015 skal ivareta mål om passasjervekst og auke i kollektivandel, jf. "Kollektivstrategi for Hordaland" og "Regional transportplan for Hordaland".
2. 38 kroner for einskildbillett i 1 sone er urimeleg, og difor uaktuelt!
3. Fylkesutvalet ber om at følgjande vert utgreidd:
 - 3 soner

- 6-8 soner
- Kostnadsoverslag for lik takst på togstrekninga Voss-Bergen, som på buss.

4. Takstregulativ for buss og Bybane vert utsett til budsjettmessige konsekvensar er avklara."

Røysting

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Valle sitt forslag fekk 6 røyster (A, SV, KrF) og fall.

Hellesnes sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (A, SV, KrF).

Vedtak

1. Takstendringane for 2015 skal ivareta mål om passasjervekst og auke i kollektivandel, jf. "Kollektivstrategi for Hordaland" og "Regional transportplan for Hordaland".

2. Innføring av ny sonestruktur vert utsett, men skal opp til handsaming i løpet av 2015.

Takstsonane vert justerte slik at kostnadsauken/inntektsbortfallet vert balansert, med ein minstetakst på 35,- kr og ein høvesvis justering av andre prisar.

3. Takstregulativ for buss og Bybane gjeldande frå 01.02.2015 vert vedtatt i samband med budsjetthandsaminga.

PS 202/14 Tilrettelegging av ny Sotrabru for framtidig bybane

Forslag til innstilling

1. Kultur- og ressursutvalet støtter Statens vegvesen si tilråding om at ny Sotrabrua ikkje vert dimensjonert for bybane, men at denne må gå på eigen bru når den blir bygd til Straume i framtida.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

Atle Kvåle sette på vegne av A, SP, SV, V fram forslag til ny innstilling

Kultur- og ressursutvalet tilrår at ny Sotrabru vert dimensjonert for bybane.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 7 røyster.

Atle Kvåle sitt forslag til innstilling fekk 7 røyster (A, SP, SV, V) og fall.

Innstilling

1. Kultur- og ressursutvalet støtter Statens vegvesen si tilråding om at ny Sotrabrua ikkje vert dimensjonert for bybane, men at denne må gå på eigen bru når den blir bygd til Straume i framtida.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Kristian Helland (KRF) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Fylkesutvalet tilrår at ny Sotrabru vert dimensjonert for bybane.»

Røysting

Helland sitt forslag vart vedteke med 7 røyster (A, Krf, MDG og V) mot 6 røyster (H, Frp) for fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling

1. Fylkesutvalet tilrår at ny Sotrabru vert dimensjonert for bybane.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Fylkesordføraren la innstillinga frå samferdselsutvalet til grunn for røystinga.

Mona Hellesnes sette på vegner av V, A og KrF fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet tilrår at ny Sotrabru vert dimensjonert for bybane."

Mona Røsvik Strømme sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

"Nytt punkt 2:
Fylkesutvalet føreset at framdrifta i Sotrasamband-prosjektet vert oppretthalde."

Røysting

Hellesnes sitt forslag vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (H, FrP) for innstillinga.
Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tilrår at ny Sotrabru vert dimensjonert for bybane.
2. Fylkesutvalet føreset at framdrifta i Sotrasamband-prosjektet vert oppretthalde.

PS 203/14 Rv 7 - Omklassifisering til fylkesveg Bruravik - Hardangerbrua i Ulvik Herad

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tilrår at 4,7 km av tidlegare riksveg 7/13 vert omklassifisert til fylkeskommunal veg frå rundkøyringa i Vallaviktunellen til og med ferjekaia på Bruravik.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå eventuell avtale med Statens vegvesen om framtidig drift og vedlikehald av den delen av omklassifisert veg som ligg i Vallaviktunellen.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet – 09.04.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet tilrår at 4,7 km av tidlegare riksveg 7/13 vert omklassifisert til fylkeskommunal veg frå rundkøyringa i Vallaviktunellen til og med ferjekaia på Bruravik.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå eventuell avtale med Statens vegvesen om framtidig drift og vedlikehald av den delen av omklassifisert veg som ligg i Vallaviktunellen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tilrår at 4,7 km av tidlegare riksveg 7/13 vert omklassifisert til fylkeskommunal veg frå rundkøyringa i Vallaviktunellen til og med ferjekaia på Bruravik.

2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå eventuell avtale med Statens vegvesen om framtidig drift og vedlikehald av den delen av omklassifisert veg som ligg i Vallaviktunellen.

PS 204/14 Kapitalutviding i Storeholmen VTA AS for oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune tek del i aksjekapitalutviding i Storeholmen VTA AS med NOK 365 000. Aksjekjøpet vert dekkja av midlar avsette i investeringsbudsjettet til næringsføremål.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune tek del i aksjekapitalutviding i Storeholmen VTA AS med NOK 365 000. Aksjekjøpet vert dekt av midlar avsette i investeringsbudsjettet til næringsføremål.

PS 205/14 Oppfølging av skulebruksplanen

Forslag til vedtak

Region Sør og ST Stor-Bergen

- a) Avgjerda om framtida til Fana gymnas vert framskunda med eitt år, og forslag til framtidig struktur på studiespesialiserande utdanningsprogram i Stor-Bergen vert lagt fram som politisk sak våren 2015. Fysisk samanslåing av Arna vgs og Garnes vgs må vurderast i denne samanheng.

Bergen Vest

- a) Strukturelle endringar i tilbodsstrukturen i Bergen Vest heng saman med tilbodsstrukturen på ST i Stor-Bergen. Våren 2015 skal det takast ei avgjerd om tilbodet i Bergen Vest. Dette vil innebere at eventuelle strukturelle endringar vil bli sett i verk frå skuleåret 2016/2017.

Region Nord

- a) Hausten 2014 starter ein opp arbeidet med ei administrativ samanslåing av Arna vgs og Garnes vgs
- b) I programmeringsarbeidet for Nye Åsane vgs vert det lagt til grunn at Bygg- og anleggsgag skal vere ein del av tilbodet ved skulen
- c) Programmeringsarbeidet ved Nye Åsane vgs vert midlertidig stoppa til ei nærmare avklaring rundt følgjande forhold ligg føre:
- i. Mogleg integrering av avd. Fossane ved Nye Åsane vgs
 - ii. Organisering av yrkesopplæringa ved Nye Åsane vgs. I den samanheng bør det òg gjerast ei samla vurdering av strukturen på yrkesfagtilbodet i Stor Bergen
 - iii. Fordeling av fagtilbod på Tertens vgs og Åsane vgs samt vurdering av trongen for klasserom knytt til dette.
 - iv. Kapasitet på idrettshall ved Tertnes vgs og Åsane vgs og vurdering av kor det eventuelt er mest tenleg å bygge idrettshall i fylkeskommunal regi.
- Vurderingane vedkomande Nye Åsane vgs vert lagt fram som ei eiga sak for politisk utval

tentativt i desember 2014.

Fagskulen

- a) Det skal gjennomførast ei utgreiing av alternativ lokalisering for ein samla fagskule.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014

Representanten **Rasmus L. Rasmussen** sette fram følgjande endringsforslag til pkt. a, Region Nord:

«Fylkestingsvedtak om samlokalisering av Arna vgs og Garnes vgs følges opp».

Røysting

Rasmussen sitt forslag til pkt. a, Region Nord, fekk 5 røyster (AP/SP) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. Region Nord vart vedteke med 8 røyster (FRP/H/V/KRF).

Fylkesrådmannen sitt forslag til Region Sør og ST Stor-Bergen, Bergen Vest, Region Nord pkt. b og c, og Fagskulen vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Region Sør og ST Stor-Bergen

- a) Avgjerda om framtida til Fana gymnas vert framskunda med eitt år, og forslag til framtidig struktur på studiespesialiserande utdanningsprogram i Stor-Bergen vert lagt fram som politisk sak våren 2015. Fysisk samanslåing av Arna vgs og Garnes vgs må vurderast i denne samanheng.

Bergen Vest

- a) Strukturelle endringar i tilbodsstrukturen i Bergen Vest heng saman med tilbodsstrukturen på ST i Stor-Bergen. Våren 2015 skal det takast ei avgjerd om tilbodet i Bergen Vest. Dette vil innebere at eventuelle strukturelle endringar vil bli sett i verk frå skuleåret 2016/2017.

Region Nord

- a) Hausten 2014 starter ein opp arbeidet med ei administrativ samanslåing av Arna vgs og Games vgs
- b) I programmeringsarbeidet for Nye Åsane vgs vert det lagt til grunn at Bygg- og anleggsgag skal vere ein del av tilbodet ved skulen
- c) Programmeringsarbeidet ved Nye Åsane vgs vert midlertidig stoppa til ei nærmare avklaring rundt følgjande forhold ligg føre:
- Mogleg integrering av avd. Fossane ved Nye Åsane vgs
 - Organisering av yrkesopplæringa ved Nye Åsane vgs. I den samanheng bør det òg gjerast ei samla vurdering av strukturen på yrkesfagtilbodet i Stor Bergen
 - Fordeling av fagtilbod på Tertens vgs og Åsane vgs samt vurdering av trongen for klasserom knytt til dette.
 - Kapasitet på idrettshall ved Tertnes vgs og Åsane vgs og vurdering av kor det eventuelt er mest tenleg å bygge idrettshall i fylkeskommunal regi.
- Vurderingane vedkomande Nye Åsane vgs vert lagt fram som ei eiga sak for politisk utval tentativt i desember 2014.

Fagskulen

- a) Det skal gjennomførast ei utgreiing av alternativ lokalisering for ein samla fagskule.

Representanten **Dan Femøen** hadde følgjande protokollmerknad:

«Forutsetter at saksgangen kommer tydelig fram i fremtidig saksframlegg».

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Inge Reidar Kallevåg sette på vegner av H, V og Frp fram slikt forslag:

"Tillegg:

Det må klart framgå av framtidig saksutgreiing dersom det er korrigeringar/endingar i forhold til den vedtatte skulebruksplanen."

Sveinung Valle sette fram slikt forslag:

"Endring av punkt a, Region Nord:

Fylkestingsvedtak om samlokalisering av Arna vgs og Garnes vgs følges opp."

Røysting

Innstillinga, Region Nord punkt a, vart vedteke med 9 røyster mot 6 røyster (A, SV, Sp) for Valle sitt forslag.

Resten av innstillinga vart samrøystes vedteken.

Kallevåg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Region Sør og ST Stor-Bergen

- a) Avgjerda om framtida til Fana gymnas vert framskunda med eitt år, og forslag til framtidig struktur på studiespesialiserande utdanningsprogram i Stor-Bergen vert lagt fram som politisk sak våren 2015. Fysisk samanslåing av Arna vgs og Garnes vgs må vurderast i denne samanheng.

Bergen Vest

- a) Strukturelle endingar i tilbodsstrukturen i Bergen Vest heng saman med tilbodsstrukturen på ST i Stor-Bergen. Våren 2015 skal det takast ei avgjerd om tilbodet i Bergen Vest. Dette vil innebere at eventuelle strukturelle endingar vil bli sett i verk frå skuleåret 2016/2017.

Region Nord

- a) Hausten 2014 starter ein opp arbeidet med ei administrativ samanslåing av Arna vgs og Garnes vgs
- b) I programmeringsarbeidet for Nye Åsane vgs vert det lagt til grunn at Bygg- og anleggsgag skal vere ein del av tilbodet ved skulen
- c) Programmeringsarbeidet ved Nye Åsane vgs vert midlertidig stoppa til ei nærmare avklaring rundt følgjande forhold ligg føre:
- Mogleg integrering av avd. Fossane ved Nye Åsane vgs
 - Organisering av yrkesopplæringa ved Nye Åsane vgs. I den samanheng bør det òg gjerast ei samla vurdering av strukturen på yrkesfagtilbodet i Stor Bergen
 - Fordeling av fagtilbod på Tertens vgs og Åsane vgs samt vurdering av trongen for klasserom knytt til dette.
 - Kapasitet på idrettshall ved Tertnes vgs og Åsane vgs og vurdering av kor det eventuelt er mest tenleg å bygge idrettshall i fylkeskommunal regi.
- Vurderingane vedkomande Nye Åsane vgs vert lagt fram som ei eiga sak for politisk utval tentativt i desember 2014.

Fagskulen

- a) Det skal gjennomførast ei utgreiing av alternativ lokalisering for ein samla fagskule.

Det må klart framgå av framtidig saksutgreiing dersom det er korrigeringar/endingar i forhold til den vedtatte skulebruksplanen.

PS 206/14 Søknad om konsesjon for overføring av 2 bekker på Osafjellet til Lang-Sima kraftverk - fråsegn frå Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune rår til utbygging dersom følgjande krav vert innfridd:

1. Skade på sjøaure og laksestammen ved Osa/ Norddøla skal ikkje førekomme.
2. Tiltaket skal ikkje skape barrierar som fører til splitting av leveområde for villrein.
3. Inngrepa må, så langt som mogleg, gå i eitt med omgivnadene.
4. Inngrepa i det sårbare økosystemet i høgfjellet må avgrensast til eit absolutt minimum.
5. Det skal takast naudsynt omsyn til friluftslivet.
6. Det vil ikkje bli stilt krav om arkeologisk registrering då potensial for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som sers lågt.
7. Dersom det i samband med tiltaket vert avdekkja automatisk freda kulturminne, må tiltak justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Natalie Golis (MDG) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Hordaland Fylkeskommune rår ifrå utbygging på Osafjellet.

Ein reduksjon i vassføring på i underkant av 4 % i Norddøla må sjåast i samanheng med alle tidlegare reduksjonar av vassføringa. Nedbørsfeltet til Norddøla er frå før redusert med 44%, og vassføringa er redusert til om lag det halve. Den samla belastninga på Osavassdraget, jamfør Naturmangfaldlovas § 10, er difor svært betydeleg.»

Røysting

Golis sitt forslag fekk 2 røyster (MDG) og fall mot fylkesrådmannen sitt forslag som fekk 11 røyster.

Innstilling

Hordaland fylkeskommune rår til utbygging dersom følgjande krav vert innfridd:

1. Skade på sjøaure og laksestammen ved Osa/ Norddøla skal ikkje førekomme.
2. Tiltaket skal ikkje skape barrierar som fører til splitting av leveområde for villrein.
3. Inngrepa må, så langt som mogleg, gå i eitt med omgivnadene.
4. Inngrepa i det sårbare økosystemet i høgfjellet må avgrensast til eit absolutt minimum.
5. Det skal takast naudsynt omsyn til friluftslivet.
6. Det vil ikkje bli stilt krav om arkeologisk registrering då potensial for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som sers lågt.
7. Dersom det i samband med tiltaket vert avdekkja automatisk freda kulturminne, må tiltak justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Hordaland fylkeskommune rår ifrå utbygging på Osafjellet.

Ein reduksjon i vassføring på i underkant av 4 % i Norddøla må sjåast i samanheng med alle tidlegare reduksjonar av vassføringa. Nedbørsfeltet til Norddøla er frå før redusert med 44%, og vassføringa er redusert til om lag det halve. Den samla belastninga på Osavassdraget, jamfør Naturmangfaldlovas § 10, er difor svært betydeleg."

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 14 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune rår til utbygging dersom følgjande krav vert innfridde:

1. Skade på sjøaure og laksestammen ved Osa/ Norddøla skal ikkje førekomme.
2. Tiltaket skal ikkje skape barrierar som fører til splitting av leveområde for villrein.
3. Inngrepa må, så langt som mogleg, gå i eitt med omgjevnadene.
4. Inngrepa i det sårbare økosystemet i høgjellet må avgrensast til eit absolutt minimum.
5. Det skal takast naudsynt omsyn til friluftslivet.
6. Det vil ikkje bli stilt krav om arkeologisk registrering då potensial for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som særst lågt.
7. Dersom det i samband med tiltaket vert avdekt automatisk freda kulturminne, må tiltak justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

PS 207/14 Fleksibilitet i fag- og timefordelinga

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til høyringsuttalen i saksutgreiinga.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til høyringsuttalen i saksutgreiinga.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet sluttar seg til høyringsuttalen i saksutgreiinga.

PS 208/14 Matstrategi "Veivalg for lokalmat i Hordaland 2013-2017

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune slutter seg til Matstrategien – Veivalg for lokalmat i Hordaland 2013-2017
2. Hordaland fylkeskommune vil samarbeide med dei regionale partnerane på matfeltet om oppfølging av strategien ved å etablere ein god modell for organisering av arbeidet knytt til mat i Hordaland. Hordaland fylkeskommune ynskjer å bidra til operasjonisering av Matstrategien ved mellom anna å bidra til organisering og drifting av Matfestivalen i Bergen og ved å støtte opp om Bergen kommune sin søknad om medlemskap i «Unesco creative cities network of gastronomy».

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 16.09.2014

Anita G. Johannessen(Frp) sette fram slikt endringsforslag:

«Setning 1 står.

Hordaland fylkeskommune ynskjer å bidra til operasjonisering av Matstrategien. Hordaland fylkeskommune ynskjer å støtte opp om Bergen kommune sin søknad om medlemskap i Unesco creativ cities network of gastronomy.».

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag til nytt pkt.3:

«Kultur – og ressursutvalet ber om at analysane og strategiane som kom fram i rapporten *Yes we can* blir vurdert i samband med at planen skal leggjast fram fylkesutvalet.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Johannessen sitt endringsforslag vart vedteke med 7 røyster (Frp, H og V).

Tomren sitt forslag til nytt pkt. 3 vart vedteke med 7 røyster (A, Krf, MDG og V).

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune slutter seg til Matstrategien – Veivalg for lokalmat i Hordaland 2013-2017
2. Hordaland fylkeskommune ynskjer å bidra til operasjonisering av Matstrategien. Hordaland fylkeskommune ynskjer å støtte opp om Bergen kommune sin søknad om medlemskap i «Unesco creative cities network of gastronomy».
3. Kultur – og ressursutvalet ber om at analysane og strategiane som kom fram i rapporten *Yes we can* blir vurdert i samband med at planen skal leggjast fram fylkesutvalet

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Sveinung Valle sette fram slikt forslag:

1. "Hordaland fylkeskommune sluttar seg til Matstrategien – Veivalg for lokalmat i Hordaland 2013-2017.
2. Hordaland fylkeskommune vil samarbeide med dei regionale partnerane på matfeltet om oppfølging av strategien ved å etablere ein god modell for organisering av arbeidet knytt til mat i Hordaland. Hordaland fylkeskommune ynskjer å bidra til operasjonisering av Matstrategien ved mellom anna å bidra til organisering og drifting av Matfestivalen i Bergen og ved å støtte opp om Bergen kommune sin søknad om medlemskap i "Unesco creative cities network of gastronomy"."

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 9 røyster mot 6 røyster (A, Sp, SV) for Valle sitt forslag.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til matstrategien – Veivalg for lokalmat i Hordaland 2013-2017.
2. Hordaland fylkeskommune vil samarbeide med dei regionale partnerane på matfeltet om oppfølging av strategien ved å etablere ein god modell for organisering av arbeidet knytt til mat i Hordaland. Hordaland fylkeskommune ynskjer å bidra til operasjonaliseringa av Matstrategien. Hordaland fylkeskommune ynskjer å støtte opp om Bergen kommune sin søknad om medlemskap i "Unesco creative cities network of gastronomy".

PS 209/14 Finansrapport 2. tertial 2014

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek finansrapporten for 2. tertial 2014 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek finansrapporten for 2. tertial 2014 til orientering.

PS 210/14 Trolleybussdrift i Bergen - vegen vidare

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vurderer at elektriske bussar bør spele ei sentral rolle i Bergen i framtida, for å gje lågast mogleg utslepp frå bussane. Det viktigaste miljøbidraget vil likevel vere å få fleire til å reise kollektivt.
2. Fylkesutvalet ønskjer ei vidare satsing på trolleybussdrift i Bergen også etter 01.01.15. Det vert lagt til rette for drift av trolleybuss på dagens nivå i perioden frå 01.01.15 og fram til ny anbuds kontrakt for Bergen sentrum vert sett i drift (2018, 2019 eller 2020 avhengig av opsjonsutløyning for eksisterande kontrakt).
3. Det vert lagt til rette for at dagens linje 2 i andre generasjons anbuds kontrakt for Bergen sentrum skal driftast med berre trolleybussar. Fylkeskommunen kjøper inn tilstrekkeleg tal nye trolleybussar som vert leigd vidare til operatør.
4. Gjennomføring av vedtaks punkt 3 føreset at det vert inngått avtale med Tide Buss om overtaking av infrastruktur og at det vert inngått avtale med Bybanen AS om drift og vedlikehald av infrastrukturen. Avtale om kjøp av infrastruktur vert fremja som eiga sak for fylkestinget.
5. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utgreie nærare ei forlenging av trolleybusslinja mot Sædalen. I utgreinga skal moglegheita for å få finansiering for forskings- og utviklingsprosjekt knytt til batteridrift for den nye strekninga mellom Sædalen og Birkelundstoppen inngå som mogleg alternativ til kontaktledningsanlegg.
6. Vurdering om ytterlegare utbygging av trolleybussnett eller satsing på batteribussar vert vurdert på eit seinare tidspunkt basert på erfaringane frå ei eventuell forlenging til Sædalen.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Tom Skauge sette på vegne av SV, A, SP, KRF fram forslag til endra pkt 2, 5 og nytt pkt 7.

Ny 2. setning i pkt 2.

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje fram plan og kostnadsoverslag for ei utvida trolleybuslinje 2 frå Indre Sædal til Oasen med sikte på byggjing frå 2015.

Endra pkt 5

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje fram plan og kostnadsoverslag for ei utvida trolleybussatsing i tråd med forslaga i moglegheitsstudien side 6-7.

Nytt pkt 7

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje inn plan for utbyggjing av trolleybuss i framlegg til ny bymiljøavtale.

Alf Helge Greaker sette på vegne av V, FRP, H fram forslag til endra pkt 5 og 6.

5. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utgreie nærare ei forlenging av trolleybuslinjer i mot Sædalen, Nesttun og Laksevåg.
6. I utgreiinga skal moglegheita for å få finansiering for forskings- og utviklingsprosjekt knytt til batteridrift for den nye strekninga mellom Sædalen og Birkelundstoppen inngå som mogleg alternativ til kontaktledningsanlegg. Satsing på kombinasjonsløyser med trolleybussar og/eller andre e-bussløyser vert vurdert på eit seinare tidspunkt, basert på erfaringane frå ei eventuell forlenging til Sædalen.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk ingen røyster og fall.

Tom Skauge sitt forslag til endra pkt i innstillinga fekk 6 røyster (SV, A, SP, KRF) og fall.

Alf Helge Greaker sitt forslag til endra innstilling vart vedteke med 8 røyster (V, H, FRP).

Innstilling

1. Fylkesutvalet vurderer at elektriske bussar bør spele ei sentral rolle i Bergen i framtida, for å gje lågast mogleg utslepp frå bussane. Det viktigaste miljøbidraget vil likevel vere å få fleire til å reise kollektivt.
2. Fylkesutvalet ønskjer ei vidare satsing på trolleybussdrift i Bergen også etter 01.01.15. Det vert lagt til rette for drift av trolleybuss på dagens nivå i perioden frå 01.01.15 og fram til ny anbuds kontrakt for Bergen sentrum vert sett i drift (2018, 2019 eller 2020 avhengig av opsjonsutløyser for eksisterande kontrakt).
3. Det vert lagt til rette for at dagens linje 2 i andre generasjons anbuds kontrakt for Bergen sentrum skal driftast med berre trolleybussar. Fylkeskommunen kjøper inn tilstrekkeleg tal nye trolleybussar som vert leigd vidare til operatør.
4. Gjennomføring av vedtakspunkt 3 føreset at det vert inngått avtale med Tide Buss om overtaking av infrastruktur og at det vert inngått avtale med Bybanen AS om drift og vedlikehald av infrastrukturen. Avtale om kjøp av infrastruktur vert fremja som eiga sak for fylkestinget.
5. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utgreie nærare ei forlenging av trolleybuslinjer mot Sædalen, Nesttun og Laksevåg.
6. I utgreiinga skal moglegheita for å få finansiering for forskings- og utviklingsprosjekt knytt til batteridrift for den nye strekninga mellom Sædalen og Birkelundstoppen inngå som mogleg alternativ til kontaktledningsanlegg. Satsing på kombinasjonsløyser med trolleybussar og/eller andre e-bussløyser vert vurdert på eit seinare tidspunkt, basert på erfaringane frå ei eventuell forlenging til Sædalen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Mona Røsvik Strømme gjekk frå som ugild fordi ho er styremedlem i Bybanen AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Dan Femoen møtte for Mona Røsvik Strømme i saka.

Aud Karin Oen sette på vegner av SV, A, SP og KrF fram slikt forslag:

"Som innstillinga, med slike endringar:

Ny 2. setning i punkt 2:

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje fram plan og kostnadsoverslag for ei utvida trolleybusslinje 2 frå Indre Sædal til Oasen med sikte på bygging frå 2015.

Endra punkt 5:

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje fram plan og kostnadsoverslag for ei utvida trolleybussatsing i tråd med forslaga i moglegheitsstudien side 6-7.

Nytt punkt 7:

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje inn plan for utbygging av trolleybuss i framlegg til ny bymiljøavtale."

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 8 røyster mot 7 røyster (SV, A, SP, KrF) for Oen sitt forslag.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vurderer at elektriske bussar bør spele ei sentral rolle i Bergen i framtida, for å gje lågast mogleg utslepp frå bussane. Det viktigaste miljøbidraget vil likevel vere å få fleire til å reise kollektivt.
2. Fylkesutvalet ønskjer ei vidare satsing på trolleybussdrift i Bergen også etter 01.01.2015. Det vert lagt til rette for drift av trolleybuss på dagens nivå i perioden frå 01.01.2015 og fram til ny anbudskontrakt for Bergen sentrum vert sett i drift (2018, 2019 eller 2020 avhengig av opsjonsutløysing for eksisterande kontrakt).
3. Det vert lagt til rette for at dagens linje 2 i andre generasjons anbudskontrakt for Bergen sentrum skal driftast med berre trolleybussar. Fylkeskommunen kjøper inn tilstrekkeleg tal nye trolleybussar som vert leigd vidare til operatør.
4. Gjennomføring av vedtakspunkt 3 føreset at det vert inngått avtale med Tide Buss om overtaking av infrastruktur og at det vert inngått avtale med Bybanen AS om drift og vedlikehald av infrastrukturen. Avtale om kjøp av infrastruktur vert fremja som eiga sak for fylkestinget.
5. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utgreie nærare ei forlenging av trolleybusslinjer mot Sædalen, Nesttun og Laksevåg.
6. I utgreiinga skal moglegheita for å få finansiering for forskings- og utviklingsprosjekt knytt til batteridrift for den nye strekninga mellom Sædalen og Birkelundstoppen inngå som mogleg alternativ til kontaktledningsanlegg. Satsing på kombinasjonsløysingar med trolleybussar og/eller andre e-bussløysingar vert vurdert på eit seinare tidspunkt, basert på erfaringane frå ei eventuell forlenging til Sædalen.

PS 211/14 Tertialrapport pr. 31. august 2014 - rekneskapsprognose

Tertialrapporten etter 2. tertial viser eit meirforbruk på 35 mill. kr. Det er innanfor samferdsel og opplæring

det ligg an til meirforbruk. Skatteinntektene viser ein mindre svikt samanlikna med det som er budsjettert, medan det for rentekapitlet ser ut til å gå mot ei mindre innsparing. Streiken i undervisningssektoren gjev

også innsparing for lønsavsetjingane. Med tanke på at totalbudsjettet for fylkeskommunen er på vel 7 300 mill. kr er avviket i prognosen lite.

Innanfor samferdselsområdet er det særleg trafikkinntektene som skil seg negativt ut. Så langt i år ser det ut til å gå mot ein svikt i inntektene på 50 mill. kr samanlikna med det som er budsjettert. Grunnen til avviket er i stor grad at det er større overgang frå kjøp av einskildbilletter til periodekort og mobilbilletter. På kostnadssida i samferdselssektoren er det derimot godt samsvar mellom rekneskap og budsjett.

På investeringsbudsjettet har fylkesrådmannen forslag om nokre endringar særleg innanfor opplæringssektoren og for fylkesvegane. I tillegg vert budsjettet foreslått justert for inntekter frå sal av eigedommar og eigenkapitaltilskot til KLP – ved innmelding i KLP – vert foreslått dekkja av kapitalfondet.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Det vert gjort følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 130 501 00	02301	07006	Fylkeshuset ombygg.		2 000 000
10 300 420 00	02301 00	07602	Fylkesveginvesteringar		93 500 000
10 300 420 00	06201 00	07602	Bompengar	58 700 000	
10 300 420 00	08100 00	07602	Overføring frå staten	30 500 000	
10 300 420 00	08500 00	07602	Overf. frå kommunar	3 000 000	
10 300 420 00	08900 00	07602	Overf. frå andre	1 000 000	
10 310 220 00	02000 00	07801	Billetteringssystem	3 300 000	
10 310 235 00	02100 00	07803	Bybanen - vognmateriell	23 000 000	
10 320 075 00	02301 00	07902	Bybanen 3. byggesteg		255 000 000
10 320 075 00	06201 00	07902	Bybanen - bompengar	255 000 000	
10 621 020 00	02301 00	06030	Bergen katedralskole		4 000 000
10 632 020 00	02301 00	06028	Nye Voss vgs.	5 000 000	
10 639 020 00	02301 00	06020	Årstad vgs.	30 000 000	
10 642 020 00	02301 00	06032	Bergen tekn. fagsk.		9 000 000
10 657 020 00	02301 00	06033	Hjeltnes vgs.		15 000 000
10 740 020 00	05290 00	07112	Eigenkapitalinnskot KLP	53 700 000	
10 773 200 00	06701 00	07318	Sal av eigedomar		45 000 000
10 773 200 00	05480 00	07318	Avsetjing til kapitalfond	45 000 000	
10 778 020 00	02301 00	01999	Tannklinikkar		20 000 000
10 790 100 00	09100 00	09977	Bruk av lån		30 800 000
10 790 100 00	09480 00	09977	Bruk av kapitalfond		53 700 000
10 790 110 00	07290 00	09977	Momskompensasjon	19 800 000	
				528 000 000	528 000 000

3. Fylkestinget godkjenner overføring av 11,3 mill. kr frå programområda Gang- og sykkelvegar (utanom Bergen) og Mindre utbetringar (utanom Bergen) på fylkesvegbudsjettet til Trafikksikringstiltak (utanom Bergen).

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Det vert gjort følgjande endringar i investeringsbudsjettet:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.

10	130 501 00	02301	07006	Fylkeshuset ombygg.		2 000 000
10	300 420 00	02301 00	07602	Fylkesveginvesteringar		93 500 000
10	300 420 00	06201 00	07602	Bompengar	58 700 000	
10	300 420 00	08100 00	07602	Overføring frå staten	30 500 000	
10	300 420 00	08500 00	07602	Overf. frå kommunar	3 000 000	
10	300 420 00	08900 00	07602	Overf. frå andre	1 000 000	
10	310 220 00	02000 00	07801	Billetteringssystem	3 300 000	
10	310 235 00	02100 00	07803	Bybanen - vognmateriell	23 000 000	
10	320 075 00	02301 00	07902	Bybanen 3. byggesteg		255 000 000
10	320 075 00	06201 00	07902	Bybanen - bompengar	255 000 000	
10	621 020 00	02301 00	06030	Bergen katedralskole		4 000 000
10	632 020 00	02301 00	06028	Nye Voss vgs.	5 000 000	
10	639 020 00	02301 00	06020	Årstad vgs.	30 000 000	
10	642 020 00	02301 00	06032	Bergen tekn. fagskole		9 000 000
10	657 020 00	02301 00	06033	Hjeltnes vgs.		15 000 000
10	740 020 00	05290 00	07112	Eigenkapitalinnskott KLP	53 700 000	
10	773 200 00	06701 00	07318	Sal av eigedomar		45 000 000
10	773 200 00	05480 00	07318	Avsetjing til kapitalfond	45 000 000	
10	778 020 00	02301 00	01999	Tannklinikkar		20 000 000
10	790 100 00	09100 00	09977	Bruk av lån		30 800 000
10	790 100 00	09480 00	09977	Bruk av kapitalfond		53 700 000
10	790 110 00	07290 00	09977	Momskompensasjon	19 800 000	
					528 000 000	528 000 000

3. Fylkestinget godkjenner overføring av 11,3 mill. kr frå programområda Gang- og sykkelvegar (utanom Bergen) og Mindre utbetringar (utanom Bergen) på fylkesvegbudsjettet til Trafikksikringstiltak (utanom Bergen).

PS 212/14 Høyring - forskrift om auke av maksimal tillaten biomasse for løyve til akvakultur med laks, aure og regnbogeaure - Hordaland fylkeskommune

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til ein bærekraftig vekst innan akvakultur.
2. Hordaland fylkeskommune er positiv til forslag til forskrift om auke i maksimal tillaten biomasse for løyve til akvakultur for oppdrett av laks og aure.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at delar av vederlaga bør tilfalla fylkeskommunane.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

1. "Hordaland fylkeskommune meiner at all auke i maksimal tillaten biomasse skal foregå i lukka anlegg.
2. Alt fór må reinsast for miljøgifter.

3. Hordaland fylkeskommune meiner at delar av vederlaga bør tilfalla fylkeskommunane for bruk til utvikling av miljøtiltak som bidrar til å hindra rømming av laks, mindre lakselus og bærekraftig og reint fôr."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 12 røyster mot 3 røyster (SV, 1A, KrF) for Oen sitt forslag.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til ein berekraftig vekst innan akvakultur.
2. Hordaland fylkeskommune er positiv til forslag til forskrift om auke i maksimal tillaten biomasse for løyve til akvakultur for oppdrett av laks og aure.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at delar av vederlaga bør tilfalla fylkeskommunane.

PS 213/14 Utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek å senda på høyring utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland til alle kommunar og aktuelle organisasjonar i fylket. Høyringsperioden vert 1. oktober til 1. november 2014.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014

Representanten **Rasmus L. Rasmussen** sette fram følgjande forslag:

«Forslaget om å legge ned tannklinikene i Fedje, Masfjorden og Modalen tas ut av høyringsutkastet».

Representanten **Bjørnar Hamre** sette fram følgjande endringsforslag:

««Høyringsperioden vert 1.oktober til 1. november 2014» vert endra til: Høyringsperioden vert 1. oktober til 14. november 2014»».

Representanten **Bjørnar Hamre** sette fram følgjande oversendingsforslag:

«OPHE ber administrasjonen undersøke moglegheita til å kjøpe tannlegetenester frå private tannlegepraksisar i tilfelle kor reiseavstanden blir betydeleg lågare og legge utgreiinga fram før endeleg behandling av saken».

Representanten **Dan Femoen** sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Fylkestannlegen bes gå i samtaler med Masfjorden kommune med sikte på å overdra ansvaret for tannklinikken frå fylkeskommunen til kommunen frå nyttår».

Røysting

Rasmussen sitt forslag fekk 6 røyster (AP/SP/KRF) og fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke saman med Hamre sitt endringsforslag.
Oversendingsforslaga frå Hamre og Femoen vart samrøystes vedteke oversend fylkesrådmannen.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek å senda på høyring utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland til alle kommunar og aktuelle organisasjonar i fylket. Høyringsperioden vert 1. oktober til 14. november 2014.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Marte Malones sette fram slikt forslag:

"Forslaget om å leggja ned tannklinikane i Fedje, Masfjorden og Modalen vert tekne ut av høyringsutkastet."

Aud Karin Oen sette på vegner av SV og Sp fram slik protokollmerknad:

"SV vil ikkje støtta nedbygging av tannklinikkar i distrikta."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Reisetida som er berekna i planen må gjerast med busstid og ikkje bil. Dette må gjerast før planen vert sendt på høyring."

Røysting

Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Malones sitt forslag fekk 7 røyster (A, SV, Sp, KrF) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek å senda på høyring utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland til alle kommunar og aktuelle organisasjonar i fylket. Høyringsperioden vert 1. oktober til 14. november 2014.

Protokollmerknad frå SV og Sp

SV og Sp vil ikkje støtta nedbygging av tannklinikkar i distrikta.

PS 214/14 Høyring om etablering av formgjeving som eget studieførebuande utdanningsprogram

Forslag til innstilling

1. Fag- og timefordelinga i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag bør behaldast i det nye, studieførebuande tilbodet. Denne fag- og timefordelinga vil gje elevane både generell studiekompetanse og ei fagleg fordjuping som mellom anna gjer det mogleg for elevane å kvalifisera seg til høgare arkitekt- og designstudium med spesifikke fagkrav.
2. Dei felles programfaga *Visuelle kunstoffag 1, 2 og 3* og *Design og arkitektur 1, 2 og 3* i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag bør behaldast i det nye, studieførebuande tilbodet. Dei dekkjer det faglege innhaldet som skal vektleggjast.
3. *Film* og eit *fordjupingsemne på Vg3* bør opprettast som nye, valfrie programfag i det nye studieførebuande tilbodet.
4. Namn på det nye, studieførebuande tilbodet bør vere *Utdanningsprogram for kunst, design og arkitektur*. Namneforslaget synleggjer på ein god måte hovudområda i utdanningsprogrammet og viser at dette er ein veg inn i høgare kunst-, arkitekt og designstudium.

Forslaga vil ikkje føre til auka økonomiske og administrative konsekvensar for skuleeigar.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014

Representanten **Dan Femoen** sette fram følgjande endringsforslag:

«Nytt i pkt. 4: Utdanningsprogram for *visuell* kunst, design og arkitektur»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke saman med endringsforslaget frå Dan Femoen.

Innstilling

1	Fag- og timefordelinga i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag bør behaldast i det nye, studieførebuande tilbodet. Denne fag- og timefordelinga vil gje elevane både generell studiekompetanse og ei fagleg fordjuping som mellom anna gjer det mogleg for elevane å kvalifisera seg til høgare arkitekt- og designstudium med spesifikke fagkrav.
2	Dei felles programfaga <i>Visuelle kunstoffag 1, 2 og 3</i> og <i>Design og arkitektur 1, 2 og 3</i> i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag bør behaldast i det nye, studieførebuande tilbodet. Dei dekkjer det faglege innhaldet som skal vektleggjast.
3	<i>Film</i> og eit <i>fordjupingsemne på Vg3</i> bør opprettast som nye, valfrie programfag i det nye studieførebuande tilbodet.
4	Namn på det nye, studieførebuande tilbodet bør vere <i>Utdanningsprogram for visuell kunst, design og arkitektur</i> . Namneforslaget synleggjer på ein god måte hovudområda i utdanningsprogrammet og viser at dette er ein veg inn i høgare kunst-, arkitekt og designstudium.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fag- og timefordelinga i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag bør behaldast i det nye, studieførebuande tilbodet. Denne fag- og timefordelinga vil gje elevane både generell studiekompetanse og ei fagleg fordjuping som mellom anna gjer det mogleg for elevane å kvalifisera seg til høgare arkitekt- og designstudium med spesifikke fagkrav.
2. Dei felles programfaga *Visuelle kunstoffag 1, 2 og 3* og *Design og arkitektur 1, 2 og 3* i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag bør behaldast i det nye, studieførebuande tilbodet. Dei dekkjer det faglege innhaldet som skal vektleggjast.
3. *Film* og eit *fordjupingsemne på Vg3* bør opprettast som nye, valfrie programfag i det nye studieførebuande tilbodet.
4. Namn på det nye, studieførebuande tilbodet bør vere *Utdanningsprogram for visuell kunst, design og arkitektur*. Namneforslaget synleggjer på ein god måte hovudområda i utdanningsprogrammet og viser at dette er ein veg inn i høgare kunst-, arkitekt og designstudium.

Forslaga vil ikkje føre til auka økonomiske og administrative konsekvensar for skuleeigar.

PS 215/14 Revisjon av mandat og samansetnad av Regionalt næringsforum

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtar det framlagte forslaget til Mandat og samansetnad av Regionalt næringsforum. Ny samansetnad gjeld frå 1. desember 2014.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Torill Selsvold Nyborg sette på vegner av KrF og Sp fram slikt forslag:

"Rektor ved Høgskolen i Bergen vert medlem i Regionalt næringsforum."

Røysting

Nyborg sitt forslag fekk 3 røyster (KrF, Sp, SV) og fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtar det framlagte forslaget til mandat og samansetnad av Regionalt næringsforum. Ny samansetnad gjeld frå 1. desember 2014.

PS 216/14 Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - Budsjettdeling nr. 5 - 2014

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren i 2014 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	658.020.00	02320	04094	Stend vgs – Nærvarmeanlegg	14 000 000	
10	777.025.00	02320	00208	UU tiltak 2013 / 2014	7 000 000	
10	648.020.00	02320	03240	Austevoll vgs. – Oppgrad. el. anlegg.	6 000 000	
10	658.020.00	02320	02134	Stend vgs - Omb. Guteinternat	4 000 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ Tilbygg		31 000 000
				31 000 000	31 000 000	

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren i 2014 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	658.020.00	02320	04094	Stend vgs – Nærvarmeanlegg	14 000 000	
10	777.025.00	02320	00208	UU tiltak 2013 / 2014	7 000 000	
10	648.020.00	02320	03240	Austevoll vgs. – Oppgrad. el. anlegg.	6 000 000	
10	658.020.00	02320	02134	Stend vgs - Omb. guteinternat	4 000 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / Omb./ Tilbygg		31 000 000
				31 000 000	31 000 000	

PS 217/14 Vedtektsendring for Stiftinga Hordamuseet - fråsegn frå Hordaland fylkeskommune

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune støttar grunngevinga for endring i vedtektene for Stiftinga Hordamuseet til følgjande ordlyd i § 7 *Samlingane*:

«Hordamuseets samlingar av hus og gjenstandar skal forvaltast og utviklast etter best mogleg fagleg skjønn og i henhold til gjeldande planverk i Bymuseet i Bergen, samt nasjonale standardar og ICOM sine etiske retningsliner. Innsamling og avhending/destruksjon av enkeltgjenstandar skal skje etter nøye vurdering og etter vedtak frå direktøren for Bymuseet eller den direktøren vel å delegere dette til. Ved eventuelt ønskje om innsamling eller avhending/destruksjon av bygningar og delsamlingar skal fagleg vurdering og innstilling til vedtak frå direktør i Bymuseet leggjast fram for eigarstyret i Stiftinga».

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar grunngjevinga for endring i vedtektene for Stiftinga Hordamuseet til følgjande ordlyd i § 7 *Samlingane*:

"Hordamuseets samlingar av hus og gjenstandar skal forvaltast og utviklast etter best mogleg fagleg skjønn og i henhold til gjeldande planverk i Bymuseet i Bergen, samt nasjonale standardar og ICOM sine etiske retningslinjer. Innsamling og avhending/destruksjon av enkeltgjenstandar skal skje etter nøye vurdering og etter vedtak frå direktøren for Bymuseet eller den direktøren vel å delegere dette til. Ved eventuelt ønskje om innsamling eller avhending/destruksjon av bygningar og delsamlingar skal fagleg vurdering og innstilling til vedtak frå direktør i Bymuseet leggast fram for eigarstyret i Stiftinga".

PS 218/14 Takstsøknad Askøypakken - uttale

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til takstsøknaden frå Askøy Bompengeselskap AS, under føresetnad om at Askøy kommune sluttar seg til takstsøknaden.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at rørslehemma får fritak for betaling i Askøypakken.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Alf Helge Greaker og Inger Ulvund reiste spørsmål om habiliteten sin som styremedlemmer i Askøy bompengeselskap AS

Røysting

Utvalet fann samrøystes at Greaker og Ulvund var ugilde

Tor Turøy kom inn som varamann for Alf Helge Greaker.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet rår ikkje til at takstane vert auka, men at ein held på dei opphavelige takstane frå bompengesøknaden og St. prp 197 S (2012-2013).
2. Fylkesutvalet legg til grunn at rørslehemma får fritak for betaling i Askøypakken.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Inger Ulvund gjekk frå som ugild fordi ho er styremedlem i Askøy Bompengeselskap AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet rår ikkje til at takstane vert auka, men at ein held på dei opphavelige takstane frå bompengesøknaden og St. prp. 197 S (2012-2013).
2. Fylkesutvalet legg til grunn at rørslehemma får fritak for betaling i Askøypakken.

PS 219/14 Odda Vegfinans AS - søknad om driftsstøtte

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr 75 000 til Odda Vegfinans AS til drift av selskapet i 2014. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700 Ymse tilskot aukar med kr. 75.000

Konto 10 720 200 00 14700 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 75.000

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 75 000 til Odda Vegfinans AS til drift av selskapet i 2014. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700 Ymse tilskot aukar med kr. 75.000

Konto 10 720 200 00 14700 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 75.000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 75 000 til Odda Vegfinans AS til drift av selskapet i 2014. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700 Ymse tilskot aukar med kr. 75.000

Konto 10 720 200 00 14700 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 75.000

PS 220/14 Lokal inntaks- og formidlingsforskrift

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Hordaland fylkeskommune slik ho er lagt fram i vedlegg til saka.
2. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift trer i kraft 1.1.2015.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre endringar i den lokale forskrifta

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014

Representanten **Rasmus L. Rasmussen** sette fram følgjande endringsforslag til pkt. 1:

«Fylkestinget vedtek lokal inntaks- og formidlingsforskrift for HFK med følgjande endring for §2: I Hordaland fylkeskommune har vi et geografisk styrt inntak. Det innbærer at elevene har rett til å gå på sin nærscole. For å ivareta elevenes frihet til å velge skole selv kan de som ønsker det si fra seg retten til å gå på sin nærscole og søke seg til andre skoler på grunnlag av karakterer dersom de ønsker det. De resterende paragrafene innfases i tråd med prinsippene som er slått fast i §2.»

Representanten **Jane K. Stangeland** sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Utvalet ynskjer ei orientering om retningslinjer for opptak av elever på særskilt grunnlag».

Røysting

Rasmussen sitt forslag til nytt pkt. 1 fekk 5 røyster (AP/SP) og fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 vart vedteke med 8 røyster (H/FRP/V/KRF).
Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 2 og 3 vart samrøystes vedteke.
Oversendingsforslaget frå Stangeland vart samrøystes vedteke oversend fylkesrådmannen.

Innstilling

1	Fylkestinget vedtek lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Hordaland fylkeskommune slik ho er lagt fram i vedlegg til saka.
2	Lokal inntaks- og formidlingsforskrift trer i kraft 1.1.2015.
3	Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre endringar i den lokale forskrifta

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Aud Karin Oen sette på vegner av SV og A fram slikt forslag a):

"Fylkestinget vedtek lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Hordaland fylkeskommune med følgjande endringar:

§ 2:

I Hordaland fylkeskommune har vi et geografisk styrt inntak. Det inneber at elevane har rett til å gå på nærskulen sin. For å ivareta elevane sin fridom til å sjølv velja skule, kan dei som ønskjer det sei frå seg retten til å gå på nærskulen sin og søkja seg til andre skular på grunnlag av karakterar dersom dei ønskjer det.

De resterande paragrafane vert innfasa i tråd med prinsippa som er slått fast i § 2."

Aud Karin Oen sette på vegner av SV og KrF fram slikt forslag b):

"§ 19. Nytt punkt (erstattar siste punkt):
Alle søkjarar med opplæringsrett skal ha rett til læreplass."

Røysting

Innstillinga vart vedteken som innstilling til fylkestinget med 9 røyster mot 6 røyster (SV, A, Sp) for Oen sitt forslag a).

Oen sitt forslag b) fekk 2 røyster (SV, KrF) og fall.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Hordaland fylkeskommune slik ho er lagt fram i vedlegg til saka.
2. Lokal inntaks- og formidlingsforskrift trer i kraft 01.01.2015.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre endringar i den lokale forskrifta.

PS 221/14 Høyring - kryssløp Vg1 teknikk- og industriell produksjon til Vg2 smed

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar framlegget om å opprette kryssløp frå Vg1 teknikk og industriell produksjon til Vg2 smed.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet støttar framlegget om å opprette kryssløp frå Vg1 teknikk og industriell produksjon til Vg2 smed.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet støttar framlegget om å opprette kryssløp frå Vg1 teknikk og industriell produksjon til Vg2 smed.

PS 222/14 Forskottering fylkesvegar - utbyggingsavtalar og rekkefølgjekrav

Forslag til innstilling:

Fylkestinget viser til sak 43/13 der fylkestinget ber om ei prinsippsak i høve forskottering i saker der det ligg føre utbyggingsavtalar og rekkefølgjekrav. Fylkestinget legg følgjande til grunn:

1. Rekkefølgjekrav for private utbyggjar som gjeld fylkesvegar, er primært som eit krav som utbyggjar(ane) må oppfylla utan fylkeskommunal løyving.
2. Dersom fylkeskommunen skal bidra med løyving eller tilskot til utbyggjar, må tiltaket ha eit slikt behov at vegeigar ut frå overordna og heilskapleg prioritering måtte ha utført utbetring/ bygging, uavhengig av utbygginga.
3. Dersom tiltaket ut frå overordna og heilskapleg prioritering, uavhengig av utbygginga, ville medført utbetring/ bygging i løpet av 10-20 år, er fylkeskommunal forskottering aktuell.
4. Eit fylkeskommunalt bidrag må forhandlast om ut frå nytte for HFK. I alle høve er forskottering avgrensa til 15 mill kr i samsvar med Regional Transportplan.
5. For framtida blir det ikkje høve til å søkja om forskottering etter at (realiserings-)avtalar er inngått.
6. Spørsmål om fylkeskommunalt bidrag i samband med rekkefølgjekrav og (utbyggings-)avtalar vert handsama og grunngjevne i samsvar med prinsippa ovanfor.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Stein Inge Ryssdal sette på vegne av H, FRP, V fram forslag til nytt pkt 4.

4. Eit fylkeskommunalt bidrag må forhandlast om ut frå nytte for HFK. I alle høve er forskottering avgrensa i samsvar med Regional Transportplan.

Fylkesrådmannen v/fylkesdirektør samferdsel endra innstillinga ved å ta ut ordet «fylkeskommunal» i pkt 3.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1-3 og 5 og 6 vart samrøystes vedteke. Stein Inge Ryssdal sitt forslag til nytt pkt 4 vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget viser til sak 43/13 der fylkestinget ber om ei prinsippsak i høve forskottering i saker der det ligg føre utbyggingsavtalar og rekkefølgjekrav. Fylkestinget legg følgjande til grunn:

1. Rekkefølgjekrav for private utbyggjar som gjeld fylkesvegar, er primært som eit krav som

- utbyggjar(ane) må oppfylla utan fylkeskommunal løyving.
2. Dersom fylkeskommunen skal bidra med løyving eller tilskot til utbyggjar, må tiltaket ha eit slikt behov at vegeigar ut frå overordna og heilskapleg prioritering måtte ha utført utbetring/ bygging, uavhengig av utbygginga.
 3. Dersom tiltaket ut frå overordna og heilskapleg prioritering, uavhengig av utbygginga, ville medført utbetring/ bygging i løpet av 10-20 år, er forskottering aktuell.
 4. Eit fylkeskommunalt bidrag må forhandlast om ut frå nytte for HFK. I alle høve er forskottering avgrensa i samsvar med Regional Transportplan.
 5. For framtida blir det ikkje høve til å søkja om forskottering etter at (realiserings-)avtalar er inngått.
 6. Spørsmål om fylkeskommunalt bidrag i samband med rekkefølgjekrav og (utbyggings-)avtalar vert handsama og grunngjevne i samsvar med prinsippa ovanfor.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget viser til sak 43/13 der fylkestinget ber om ei prinsippsak i høve forskottering i saker der det ligg føre utbyggingsavtalar og rekkefølgjekrav. Fylkestinget legg følgjande til grunn:

1. Rekkefølgjekrav for private utbyggjar som gjeld fylkesvegar, er primært som eit krav som utbyggjar(ane) må oppfylla utan fylkeskommunal løyving.
2. Dersom fylkeskommunen skal bidra med løyving eller tilskot til utbyggjar, må tiltaket ha eit slikt behov at vegeigar ut frå overordna og heilskapleg prioritering måtte ha utført utbetring/bygging, uavhengig av utbygginga.
3. Dersom tiltaket ut frå overordna og heilskapleg prioritering, uavhengig av utbygginga, ville medført utbetring/bygging i løpet av 10-20 år, er forskottering aktuell.
4. Eit fylkeskommunalt bidrag må forhandlast om ut frå nytte for HFK. I alle høve er forskottering avgrensa i samsvar med Regional transportplan.
5. For framtida blir det ikkje høve til å søkja om forskottering etter at (realiserings-)avtalar er inngått.
6. Spørsmål om fylkeskommunalt bidrag i samband med rekkefølgjekrav og (utbyggings-)avtalar vert handsama og grunngjevne i samsvar med prinsippa ovanfor.

PS 223/14 Godkjenning av prosjektrekneskap Tertnes vgs - Tilbygg

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner rekneskapen for prosjektet Tertnes vgs – Tilbygg.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner rekneskapen for prosjektet Tertnes vgs – Tilbygg.

PS 224/14 Reglement for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling:

1. «Reglement for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne» vert integrert i Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

"Reglement for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne" vert integrert i delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune.

PS 225/14 Reglement for fylkeseldrerådet i Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling:

1. Fylkestinget vedtek «Reglement for fylkeseldrerådet i Hordaland fylkeskommune»
2. «Reglement for fylkeseldrerådet i Hordaland fylkeskommune» blir integrert i Delegasjonsreglementet

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Benthe Bondhus sette fram slikt forslag:

"Tillegg til innstillinga

- Rådet kan ta opp saker som gjeld eldre i fylket.
- Rådet kan samarbeide og ha kontakt med kommunale eldreråd og Statens seniorråd.
- Rådet kan samarbeide med andre organisasjonar.

Under punkt 4 vert det å leggje til,
Fylkesrådmannen syter for høveleg sekretariat for rådet.

Nytt punkt 5.

5. Økonomi

Fylkeseldrerådet følgjer dei generelle retningslinene når det gjeld økonomi, som godtgjersle og reise- og opphald."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 8 røyster mot 7 røyster (Sp, A, SV, KrF) for Bondhus sitt forslag.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek "Reglement for fylkeseldrerådet i Hordaland fylkeskommune".
2. "Reglement for fylkeseldrerådet i Hordaland fylkeskommune" blir integrert i delegasjonsreglementet.

PS 226/14 Kollektivfelt på innfartsåraane

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet ser at det er naudsynt med større grad av kollektivprioritering på innfartsåraane dersom ein skal nå mål om endra reisemiddelfordeling i Regional transportplan. Fylkesutvalet ser likevel at det er behov for å vente på evaluering av sambruksfeltet som skal etablerast i Fjøsangerveien, før kollektiv- eller sambruksfelt kan vurderast på nordre og vestre innfartsåre.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Tom Skauge sett på vegne av SV, A, SP, KRF fram forslag til ny innstilling.

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje fram forslag til innføring av kollektivfelt på firefelts innfartsårer til Bergen.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke med 7 røyster.
Tom Skauge sitt forslag til innstilling fekk 6 røyster (SV, A, SP, KRF) og fall.

Innstilling

Fylkesutvalet ser at det er naudsynt med større grad av kollektivprioritering på innfartsårane dersom ein skal nå mål om endra reisemiddelfordeling i Regional transportplan. Fylkesutvalet ser likevel at det er behov for å vente på evaluering av sambruksfeltet som skal etablerast i Fjøsangerveien, før kollektiv- eller sambruksfelt kan vurderast på nordre og vestre innfartsåre.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Aud Karin Oen sette på vegner av SV, A, SP og KRF fram slikt forslag:

"Ny innstilling:
Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje fram forslag til innføring av kollektivfelt på firefelts innfartsårer til Bergen."

Røysting

Innstillinga vart vedteken med 8 røyster mot 7 røyster (SV, Sp, A, KrF) for Oen sitt forslag.

Vedtak

Fylkesutvalet ser at det er naudsynt med større grad av kollektivprioritering på innfartsårane dersom ein skal nå mål om endra reisemiddelfordeling i Regional transportplan. Fylkesutvalet ser likevel at det er behov for å vente på evaluering av sambruksfeltet som skal etablerast i Fjøsangerveien, før kollektiv- eller sambruksfelt kan vurderast på nordre og vestre innfartsåre.

PS 227/14 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 201, 202, 218, 210, 203-209, 211-217, 219-226.

DEPUTASJON FRÅ BERGEN KOMMUNE

Bergen kommune hadde bede om å få leggje sitt syn på sak 201/14 "Takstregulativ for kollektivtransporten i Hordaland" fram for fylkesutvalet.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at dei ville ta i mot utsendingane.

Byråd Henning Warloe førte ordet på vegner av deputasjonen, supplert av Marte Mjøs Persen.

I den tverrpolitiske deputasjonen deltok følgjande:

- Henning Warloe, H
- Marte Mjøs Persen, A
- Marita Moltu, KrF
- Endre Tvinnereim, Byluftlisten
- Samba S. Nije, SV
- Ask Wingsternes, H
- Tallak Rundholdt, V
- Peder Lotnes Haugen, V

- Torstein Dahle, R

PRESENTASJON

Morten Thuve frå BDO presenterte rapporten "Førebudd for framtida".

OPEN TIME

Torill Selsvold Nyborg påpeikte at praksisplassar og lærlingeplassar må vere klare når elevar kjem inn på yrkesfag i vidaregåande skule.

Marianne Bjørøy stilte slikt spørsmål:

"Vedr. park and ride/innfartsparkering på Straume.
Avtale mellom HFK og Thon om "leie av parkeringsplasser" på Sartor senter. Den avtalen går ut 31.12.2014. Nytt garasjeanlegg under Sartor senter er snart ferdig, og spørsmålet da blir om:

Vil eller har fylkeskommunen inngått ny avtale om innfartsparkering på Straume, eventuelt når vil en slik avtale foreligge?"

Fylkesrådmannen opplyste at Hordaland fylkeskommune har motteke eit avtaleutkast som skal vurderast innan 31.12.2014.

Astrid F. Selsvold bad om at alle innkomande høyringsutkast til Hordaland fylkeskommune rutinemessig vert lagt fram for fylkesutvalet i listeform. Fylkesrådmannen svarte at fylkeskommunen kommenterer det som er innanfor fylkeskommunen sitt kjerneområde. Det vil heretter verte lagt fram oversyn til fylkesutvalet.

Sigbjørn Framnes minna om at det enno ikkje er kome svar på spørsmål om ein tabell i samband med "Kollektivmeldinga 2013". Fylkesrådmannen vil syte for at dette vert følgt opp.

Benthe Bondhus stilte spørsmål om korleis fylkeskommunen reagerer dersom eit selskap som har vunne ferjeanbod nyttar ei mindre ferje enn det som var stilt krav om i anbodet. Fylkesrådmannen og direktøren for Skyss, Oddmund Sylta, svarte at generelt skal selskapet oppfylle krava som er stilt. Avtalen kan likevel reforhandlast dersom det vert vesentlege endringar, til dømes nedgang i trafikken.

Silje Hjemdal ønskjer å verte orientert om prosessen knytt til Bergen hamn/ny godsterminal. Fylkesrådmannen opplyste at arbeidet med KVVU er starta opp for kort tid sidan, og at Hordaland fylkeskommune er med i styringsgruppa. Fylkesutvalet vil verte orientert på eit seinare møte.